

Fra: Arne Eriksen[eriksenmaskin1@gmail.com]  
Mottatt: 21.05.2026 20:24:32  
Til: Thor Lars Christiansen[thor.christiansen@vinje.kommune.no]  
Tittel: Re: Konsesjon Varmevoll

---

### **Tilleggsopplysningar til konsesjonssøknad gnr. 163/1 Varmevoll**

Me bur i dag allereie på Møsstrond, og ei flytting til Varmevoll vil difor ikkje bli den store endringen for kånn. Barna våre går på skule på Rauland, og dette vil halde fram som før. Den einaste endringa vil vere at dei må ta skulebussen noko tidlegare enn i dag.

Arne Eriksen er oppvaksen på Møsstrond, i huset me bur i i dag. Han driv eige entreprenørfirma, Eriksen Maskin AS, og tek på seg oppdrag i nærområda Vest-Telemark og Tinn. Arbeidet er fleksibelt, noko som gjer det godt eigna å kombinere med drift og oppfølging av eigedomen. Han vil halde fram i same arbeid framover.

Sissel M Kleivan er tilsett i Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS, og vil halde fram i denne stillinga. Arbeidet har fleksibel arbeidstid, og det er mogleg å nytte heimekontor, noko som er ein fordel ved busetnad på ein veglaus eigedom.

Me er begge godt kjende med dei lokale forholda på Møsstrond, inkludert verforhold og islegging. Me sit begge i styret i den lokale snøskuterklubben og deltek årleg i arbeid med stikking og vedlikehald av løyper.

Arne har i tillegg god praktisk erfaring frå området gjennom oppvekst og arbeidsoppgåver. Han har vikariert som postkøyrar og har også køyrt Fjellvåken, og har difor inngående kjennskap til kva det inneber å bu og arbeide på Møsstrond.

Me har ikkje formell landbruksutdanning, men begge har erfaring med gardsarbeid frå oppvekst og gjennom deltaking hjå familie og kjende. Me er arbeidsvillige og motiverte for å ta vare på og utvikle eigedomen.

Eigedomen ber preg av noko redusert vedlikehald dei siste åra, og vi ser at det vil vere behov for ein del opprusting og vedlikehaldsarbeid i ein startfase. Me er i dialog med ein bonde for å få på plass dyr til sommarbeite, då det er viktig for oss å halde areala i hevd og hindre attgroing.

På sikt er målet å kunne etablere eige dyrehald, men i ein oppstartsfase vil det derfor blir noko mindre aktivitet. Me ønskjer gradvis å byggje opp drifta på eigedomen.

Me vil også vidareføre dagens praksis med noko utleige av hytter og jakt, på same måte som det blir gjort i dag.

På lengre sikt er det eit viktig mål for oss å byggje opp eigedomen slik at han kan førast vidare til neste generasjon.

Vi er begge interesserte i jakt og fiske, og vil forvalte desse ressursane på ein god og berekraftig måte.

Håper du fekk svar på det du lurte på, ta kontakt om noko er uklart. Tlf 91700450

Mvh

Arne og Sissel

tor. 21. mai 2026 kl. 13:55 skrev Thor Lars Christiansen  
<[thor.christiansen@vinje.kommune.no](mailto:thor.christiansen@vinje.kommune.no)>:

Hei

Eg sit med søknaden dykk om konsesjon på gnr. 163/1 Varmevoll

Fint om de kan skrive litt meir utfyllande om kvifor de ynskjer å flytte til garden – og om korleis de tenkjer å bruke eigedomen.

Skal borna på skule? Kva tenkjer de om arbeid framover?

Vi manglar og opplysningar om dykkar kvalifikasjonar og praktisk erfaring ved å bu og drive ein landbrukseigedom, jf. skjemaet

Med helsing

**Thor Christiansen**

Landbruksrådgjevar

- 35 06 23 89
- 95 81 91 80

✉ [thor.christiansen@vinje.kommune.no](mailto:thor.christiansen@vinje.kommune.no)



VINJE

